

Siste dag som Stefanuskyrkja

Lysestakar, bibel, dåpsfat og dåpsmugge, ja, også ein messehakel vart boren ut av kyrkje-rommet. Det er slutt for Stefanuskyrkja.

No skal det særprege gule mursteinsbygget få nytt namn og ny bruk.



AVVIGSLING

NÆRLAND: Optimistisk vemod prega avvigslinga i går.

Sjolv om Nærlandheimen vart lagt ned for mange år sidan: På ein måte var avvigslinga av kyrkja i går siste slutt på det som var. Tankane og orda gjekk i går bakover, samstundes som det blikket vart retta mot nye tider og nye behov.

– Dette er å ta eitt steg vidare, seier generalsekretær i Det Norske Diakonforbund, Leiv Sigmund Hope.

– Kyrkja var svært viktig for mange menneske då den stod klar for 41 år sidan og i tida etterpå. Det som skjer i dag viser at me har kome til ei ny tid. No er det alle kyrkjelydar sitt ansvar å inkludera alle menneske med og utan funksjonshemming. Me treng ikkje spesialkyrkjer lenger.

NY TID: Hope legg til at avvigslinga samstundes set det siste punktu for Diakonforbundet sitt engasjement på Nærland. Institusjonen dei dreiv for psykisk utviklingshemma er for lengst lagt ned, høgskulen som utdannar blant anna vernepleiarar er flytta til Sandnes, og no er også kyrkja avvigsla.

FRÅ DANMARK: – Vemodig, seier Anton Larsen som kom til Nærland frå Danmark i 1948 for å vera med å byggja opp Nærlandheimen. Han slutta av i 1990. Då var avvigslinga i full gang. – I 20 år hadde eg ansvar for kyrkja med søndagsamlingar for bebuarane og faste gudstenester for bygda.

Jorgen Haahr kom til Nærland i 1966, også han frå Danmark. Han kjenner vemod og tenkjer tilbake på den lydhøyre forsamlinga av bebuarar som motte her kvar søndag.

TAKK: Men det var altså mest takk som fylte gudstenesta. – Takk for alt det dette bygget har betydd for bebuarar, tilsette og for bygda her, bad prost Kjell Borge Tjemsland.

– Omsorg har stått i søkelyset her. Mange har lagt ned ein stor innsats for andre. Det har vore mange tunge tak, men også mykje lys og varme, sa sokneprest i Nærbo, Jan Roald

NÆRLANDPARKEN

STORT: Diakonforbundet kjøpte Nærlandheimen i 1939. På det meste var det over 400 klientar og 600 tilsette på sentralinstitusjonen for psykisk utviklingshemma.

SLUTT: Med HVPU-reforma i 1991 vart Nærlandheimen avvikla.

TIL SALS: Ved årsskiftet 1996/1997 kjøpte fleire lokale investorar området saman for å utvikla det vidare. I 2005 kjøpte Bjørn Risa halve eigedommen. I 2007 tok Risa over helle eigedommen, også kyrkja.

AKTIVITET: Rehabiliteringssenteret Krokeidesenteret avdeling Nærland held til her med 30 plassar. Hå mottak med 154 plassar held også til her.

AVVIGSLING: Biskopen sa ja utan innvendingar då Risa søkte om å få avvigsla den privateigde kyrkja.

Dahlstrøm. Bjarte Lending var organist, og ei gruppe frå koret Abraham song.

NYTT NAMN: Og eigaren av Nærlandparken og kyrkja, Bjørn Risa, var godt nøgd.

– Det var ei fin avslutning, ikkje sant? seier han.

– Det har vore viktig for oss at dette skulle skje på skikkeleg vis, og det gjorde det, seier han.

– No skal me vurdere framtidig bruk. Dette er jo eit forsamlingslokale og vil nok forbli det, seier Kåre Skretting. Han er leiar i styret for Nærlandparken.

Ein verdig slutt: – For me tek stilling til nytt namn, må me finna litt meir ut av bruken. Uansett tykte me at det var rett å gi kyrkja ein verdig slutt. No står me også litt friare når me planlegg framtida, seier Skretting.

Utstyret som vart boren ut, og det som stod igjen inne, skal no fordelast til kyrkjelydar som treng det.

Kyrkja er teikna av Tor Sørensen. Og Nærlandparken vil behalda sin kjende profil gjennom 41 år, for utanpå skal kyrkja bestå som kyrkje.

Omsorg har stått i søkelyset her. Mange har lagt ned ein stor innsats for andre. Det har vore mange tunge tak, men også mykje lys og varme.

Sokneprest i Nærbo, Jan Roald Dahlstrøm.

KULTURVEKE: Det er kulturveke i Hå. Denne veka er to av arrangementa der lagde til Stefanuskyrkja. Onsdag kjem Per Fugelli og snakkar om helse i jærlys, og fredag er det konsert.



SLUTT OG START: No er både bibel og lysestaka borte ut. Kyrkja i Nærlandparken skal få ny bruk. Fremst går generalsekretær Leiv Sigmund Hope i Diakonforbundet, sokneprest Jan Roald Dahlstrøm bak til venstre og prost Kjell Borge Tjemsland til høgre. Bak dei igjen går diakonirådgjevar Asbjørn Finnakk ved helsepedagogkontoret og Svein Arne Corneliusen hos Risa.